



KI-notat nr 34/2011 - Bakgrunn for vedtak

Kraft Laks AS/Søknad om auka vassuttak til setjefiskanlegg -	
Søkjar/sak:	Dalselvassdraget
Fylke/kommune:	Møre og Romsdal / Volda
Ansvarleg: ^{FØ2}	Øystein Grundt
Sakshandsamar:	Magne Geir Verlo
Dato:	01 JUL 2011
Vår ref.:	NVE 200906224-20 kv/mgv
Sendes til:	Søkjar og alle som har uttalt seg til saka

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Innhold

Samandrag	1
Søknad	2
Høyring og distriktshandsaming	3
Søkjar sine kommentarar til fråsegna	6
Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader	8
NVE si vurdering	11
NVE sin konklusjon	13

Samandrag

Søknaden gjeld vassuttak til eksisterande setjefiskanlegg der planen er å auke produksjonen frå 1 til 5 mill. sjødyktig setjefisk, med ei 50/50 fordeling mellom eksisterande gjennomstrøymingsanlegg og nytt resirkuleringsanlegg.

Ingen av høyringspartane går i mot at det vert gjeve løyve til auka vassuttak.

NVE vektlegg i si vurdering at vassuttaket og tilhøyrande infrastruktur er bygd i samband med etableringa av setjefiskanlegget midt på 1980-talet. Dagens vassuttak samsvarar for ein stor del med det omsøkte uttaket. Som følgje av moderne teknologi vil vassuttaket bli vesentleg redusert for den biomassen som vert produsert i eit resirkuleringsanlegg. Maksimalt vassuttak for 5 mill. setjefisk vert inntil 550 l/s i perioden med størst biomasse.

NVE vektlegg vidare at setjefiskanlegget ved drift i Dale kraftverk får tilført ei vassføring mellom 230 og 1000 l/s. Dette sikrar nødvendig vatn i tørre periodar av året. Kraftverket er dessutan pålagt gjennom reguleringskonsesjonen å tilføre setjefiskanlegget 150 l/s dersom kraftverket er ute av drift.

Etter ei samla vurdering av planane og innkomne uttalar meiner NVE at fordelane av det omsøkte vassuttaket er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Kraft Laks løyve etter vassressurslova § 8 til å ta ut inntil 550 l/s frå Dalselva og Litlebøelva. Løyvet er gjeve på nærmere fastsette vilkår.

Søknad

NVE har motteke følgjande søknad frå Kraft Laks AS, datert 01.07.2010:

”Kraft Laks AS i Volda kommune søker etter vannressursloven § 8 om uttak av vann til settefiskproduksjon fra Dalselvvassdraget.”

Hovuddata

Dalselvvassdraget, hovuddata		
TILSIG		Hovedalternativ
Nedbørfelt	km ²	22,68
Litlebøelva	km ²	8,83
Dalselv	km ²	13,85
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	68,75
Litlebøelva	mill.m ³	28,07
Dalselv	mill.m ³	40,68
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	96
Middelvannføring	m ³ /s	2,18
Litlebøelva	m ³ /s	0,89
Dalselv	m ³ /s	1,29
Alminnelig lavvannføring	m ³ /s	0,11
SETJEFISKANLEGG		
Inntak		
Litlebøelva	moh	40
Dalselva	moh	30
Utløp Dale kraftverk	moh	25
Utløp	moh.	0
Lengde på berørt elvestrekning	m	290
Tilløpsrør frå silhus, diameter		
Hovedrør	mm	450
Reserverør	mm	315
MAGASIN LITLEBØVATN		
Magasinvolum	mill. m ³	6,3
HRV	moh.	647,5
LRV	moh.	640,5

Høyring og distriktshandsaming

NVE har motteke følgjande høyringsfråsegner til søknaden:

Volda kommune, vedtak i planutvalet 1.11.2010:

"Det aktuelle anlegg ligg innanfor avsett og tiltenkt bruksformål til akvakultur i Kystsoneplan. Dersom dei miljømessige og driftsmessige tilhøva knytt til utviding vert funne tilfredsstillande i den vurdering som Fylkesmannen og Mattilsynet skal gje i saka, vert utviding tilrådd."

Kommunen skriv vidare:

"Vedlagt følgjer også brev av 2.10.10 frå Dalsbygd Kraftverk SUS. Dette brevet låg ved då planutvalet handsama sak 104/10 nemnt ovanfor. I saka er brevet kommentert slik: " Dei mottekne merknader går i hovudsak på privatrettslege tilhøve knytt til bruk/utnytting av vassrettar i vassdraget. Eg legg til grunn at dette må vere avklara innan utvidinga så langt dette vert endra gjennom produksjonsutvidinga".

Utviding av produksjonsvolumet heng i hop med ynskjet om auka vassuttak, så med vising til planutvalet sitt vedtak nemnt ovanfor og Fylkesmannen si fråsegn av 30.9.10, har eg ingen merknader til at det vert gjeve løyve til auka vassuttak som omsøkt."

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, brev 30.09.2010:

"Vurdering

Dalselvvassdraga er alt prega av kraftutbygging og vassuttak til setjefiskproduksjon. Nedre del ber også preg av fleire flaumhendingar og her ligg føre planar om forbygging.

Ut frå dei fagområde fylkesmannen er sett å ivareta har vi ikkje vesentlege merknader til dei konklusjonar som er gjort i konsekvensutgreiinga vedlagt søknaden.

Under synfaringa kom det fram at det har vore gjort mindre inngrep i Storelva ca. kote 72, slik at vatnet no går i eit eldre nordleg flaumlaup (Huldrene) og ikkje i hovudlauget (Fossen). I kva grad dette er meldt/godkjent kjenner vi ikkje til. Dette er heller ikkje omtalt i dokumentasjonsvedlegget til søknaden.

Vi registrerer at det har vore noko usemje om vassrettar. Dette er av privatrettslege høve som ikkje ligg til fylkesmannen å kommentere. Etter det vi forstår er dette avklart ved at Kraft Laks AS no har inngått skriftleg avtale med grunneigar, slik at det for dei ikkje lenger spelar nokon rolle om vatnet kjem i Huldrene eller Fossen.

Konklusjon

Vi kan ikkje sjå at eit auka vassuttak vil få vesentlege konsekvensar for dei ålmenne interessene vi er sett å ivareta. Ut over dette har vi ikkje merknader til søknaden."

Dalsbygda Kraftverk v/Rolleiv Hjelle har kome med to uttalar 15.09.2010 og 21.03.2011.

Brev 15.09.2010:

"Dalsbygd Kraftverk SUS er eit lokalt selskap under stifting (SUS), heimehøyrande i Dalsbygda i Volda kommune. Interessentar i Dalsbygd Kraftverk er grunneigarar på matrikelgardane gnr 122 Ytre Dale, gnr 123 Lillebø, gnr 124 Rangsåter, gnr 127 Hjelle, gnr 128 Brune og gnr 129 Indre Dale, i alt omlag 18 bruk, som alle eig til eller har fallrettar i Storeelva og Dalselva.

Dalsbygd Kraftverk har som formål å nytte fallet i Storeelva og Dalselva (nedanfor samløpet ved kote 18) mellom fjorden og kote 220 til produksjon av elektrisk kraft, ved å "låne" deler av vassføringa i Storeelva utan damregulering. Nedslagsfeltet ovanfor kote 220 er 12 km², med en middel årsvassføring på ca 1100 l/s. Dette gjev eit potensiale for ein kraftproduksjon i storleiken 12-15 GWh. Dalsbygd Kraftverk skal organiserast som eit aksjeselskap der elveeigarane leiger ut fallrettane sine til kraftproduksjon og sjølv eig og driv aksjeselskapet. Dette sikrar at verdiskapinga skjer og ligg att lokalt, til gode for bygdesamfunnet og kommunen. Vi trur at dette kan styrke økonomien til gardane med fallrett og ha positive verknader for busetnaden i bygda på kort og lang sikt. På eit møte mellom grunneigarane 22.07.2010 vart det valt eit interimstyre med mandat til å arbeide vidare med prosessen fram mot formalisering av aksjeselskapet Dalsbygd Kraftverk AS. Ei høyringsuttale til NVE om konsesjonssøknaden til Kraft Laks AS fell inn under dette mandatet.

Konsesjonssøknaden til Kraft Laks AS inneber etter det vi forstår, periodevis auka uttak og forbruk av vatn frå det same elveløpet som vi planlegg å nytte til kraftproduksjon. I dette ligg det eit konfliktpotensiale, då vassressursane er avgrensa. Vi vil difor alt no foreslå at konsesjonsbehandlinga og den vidare realiseringa av dei planlagde tiltaka til Kraft Laks, tek høgde for ei framtidsretta løysing med sambruk av vassressursane ved at Kraft Laks AS kan nytte slippvatn frå eit kraftverk til sin produksjon etter at vatnet har passert turbinen. Eit kraftverk kan plasserast i nærleiken av den eksisterande inntaksdammen til Kraft Laks AS og slippe ut vatn til inntaksdammen. Eit kraftverk kan også plasserast enda litt lenger ned, med direkte påkopling til vassrøra som forsyner settefiskanlegget. Liknande løysingar er nytta andre stader med gode resultat, og vi trur at dette kan vere ei god og framtidsretta løysing også her.

Vel kan det vere slik at settefiskanlegget vart etablert før Dalsbygd Kraftverk AS kan bli ein realitet, men det er lange tradisjonar her for at gardane har nytta fallet i elvane til ulike føremål. Fallrettane har frå gammalt av utgjort ein viktig del av ressursgrunnlaget for gardane og har vore i deira eige gjennom århundra, til vassforsyning, fiske, vasking, garving, fiske, og drift av kverner i uminnelige tider. Alt ved utskiftningar av innmarksteigane tidleg på 1900-talet vart fallrettane som kunne utnyttast industrielt, framleis liggjande i felleseige sidan ein var merksame på at fallrettane var ein stor og verdfull ressurs. I 1918 gikk ein del grunneigarar saman og skipa Dalsbygd Elektrisitetsverk, med eige kraftverk i Tungeelva og eige linjenett i bygda. Kraftverket køyrde på likestraum og gjekk ut av drift midt på 1960-talet, da straumforsyninga vart avløyst av vekslestraum fra Søre Sunnmøre kraftlag. Vi som no går saman i Dalsbygd Kraftverk SUS gjer ikkje anna enn å gå oppatt dei same spora som dei gamle pionerane her trakka opp, sjølv om skalaen er noko auka. Gardane var her først.

Kraft Laks AS har tinglyste vassrettar i nedre del av vassdraget, med bruka i Indre og Ytre Dale. Men dette er etter vår meining ikkje det same som avståing av fallrett. Desse vassrettane kan etter kvart syne seg å hindre oss i å nytte fallene heilt ned til fjorden, med tilsvarande reduksjon i kraftproduksjonspotensialet, trass i at grunneigarane/aksjonærene har fallrettane heilt ned. Vi ser det då som naturleg at Kraft Laks AS kompenserar årleg for dette bortfallet av produksjon med ein økonomisk kompensasjon, som vederlag for det vatnet dei tek ut.

Utover dette har vi få merknader til konsesjonssøknaden, dersom desse momenta vert tekne omsyn til. Vi meiner og at det bør haldast ei synfaring i tiltaksområdet og tilgrensande områder, med representantar til stades frå NVE, Volda kommune, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, grunneigarar, interessantar i Dalsbygd Kraftverk SUS og Kraft Laks AS, innan konsesjonssøknaden går til vidare handsaming."

Brev 21.03.2011:

"Vi viser til vår høyringssuttale om denne saka den 15.09.2010 og synfaringa i vassdraget den 08.03.2011 i regi av NVE, der både vi, fleire grunneigarar og representantar frå Kraft Laks as var til stades.

I samband med synfaringa ynskjer vi å kome med eit tillegg til uttalen vår av 15.09.2010, der vi foreslo ei framtidig løysning der sleppvatn frå eit framtidig kraftverk kan forsyne settefiskanlegget. I denne uttalen kan ordlyden gje inntrykk av at turbinhuset til eit kraftverk er planlagt til å liggje på kote 18.

Under synfaringa vart plasseringa av turbinhuset drøfta mellom anna med Kraft Laks as og dykk, der det konkret vart peika på plassering av turbinhuset litt ovanfor eksisterande silhus til settefiskanlegget som ei realiserbar løysing. Sleppvatn frå turbin kan om naudsynt gå inn i silhuset via eit mindre lufte-system (kar eller dam) for å løyse ut mogeleg nitrogenoverskot i sleppvatnet.

I høve til ordlyden i den første høyringssuttalen ynsker vi no å framheve at den delen av elvestrekket som for vår del er mest aktuelt for kraftutbyggjing, er mellom kote 220 og ned til inntaksdammen til settefiskanlegget, ovanfor samløpet mellom Storeelva og Tungeelva. I praksis vil dette seie litt ovanfor der silhuset ligg i dag, og vil gje eit samla fall på kring 190 høgdemeter frå eit inntak kring kote 220.

Vårt inntrykk av synfaringa var at vi kom i en positiv og konstruktiv dialog med Kraft Laks, der vi meiner det er klåre fordelar med ei slik delt løysing for båe partar. Ved slik bruk av dei avgrensa vassressursane, meiner vi at det ligg godt til rette for både for eit kraftverk i Storeelva og eit settefiskanlegg som har inntak nedstraums turbinhuset."

Amund P. Hjelle uttaler følgjande i e-post av 15.09.2010:

"Som grunneigar som grensar mot vassdraget og dermed part vil ein kommentere dette. Ein ser på rapporten som eit partsinnlegg og ikkje som ein objektiv rapport.

Vi ynskjer å påpeike at busetnad og landbruk ligg langs heile dalen framover.

Landbruk er ei viktig næringsgrein i bygda og heile 10 % av nedslagsfeltet er dyrka mark. På 1970-tallet var det etablert infrastruktur og stor myr dyrking av utskift utmark. Det var bygt veg og kanalisert store områder, som igjen påvirker elva og vassmiljøet. Store areal ligg igjen som potensiell areal for grunneigedommane.

Landbruket er også ei potensial for ureining, sjølv om føretaka gjer sitt ytterst for å unngå det og halde seg til gjeldande regelverk. Det viste kollapsen til gjødsellageret i Fjærland sist vår. Dette gjer at ein ikkje kan garantere noko 100 %, dette er meir alvorleg når Storeelva vert hovudforsyning enn delforsyning.

Elva driv også å flytter på seg i samband med flaum og anna, jfr. Vedlegg NVE synfaring 249/1989 VRV EHY /MHØ /553.1 Vo1da Kommune. Den er også farleg med tanke på erosjon og slamfare.

Vi ber om at interessene knytt opp mot busetnad og landbruk vert prioritert."

Jørn Olav Løset, e-post 15.09.2010:

"Søknaden og rapporten kan være noe uklar omkring navnene som brukes på de ulike deler av vassdraget (kode 094.2Z). Søknaden bruker navnene Dalselvassdraget og Litlebøelva om hverandre, som om det var samme elv. Det er to elver som løper sammen ved kote 18, og det er kun nedstrøms dette samløpet at Dalselva brukes. Oppstrøms samløpet deler vassdraget seg i Tungeelva og i Storeelva. Tungeelva kalles også Litlebøelva høyere opp. Der Storeelva faller brattest mellom kote 30 og kote 72 deler den seg i et vestre hovedløp som kalles Fossen og et sekundært flomløp på austsida som kalles Huldrehola/Huldrene. Et kartutsnitt er vedlagt.

De vedlagte bildene er dokumentasjon på at det er gjort fysiske inngrep i Storeelva ved kote 72, som er lenger opp i vassdraget enn hva som er definert som influens- og tiltaksområde i konsesjonssøknaden (NVE søknadsnr 6120 / 200906224) og i den vedlagte konsekvens-utredningen fra Rådgivende Biologer AS (rapport 1114). Minstevannføringen følger etter endringene ikke lenger djupålen ned Fossen, men går nå ned i det austre flomløpet Huldrene og videre ned til inntaksdammen. Ingen av inngrepene er meldt til eller godkjent av offentlige myndigheter. Ovenfor ca kote 50 i Storeelva er det de seks brukene under gnr 123 Lillebø som har fallet på austsida i sameie. Det er foreligger ikke tinglyste avtaler mellom Kraft Laks og noen av disse brukene om vannretter i Storeelva i dette området.

Som medeier i et av brukene på gnr 123 Lillebø og dermed direkte berørt av inngrepene ved kote 72 i Storeelva, mener jeg at det må holdes en synfaring i Storeelva innen søknaden konsesjonsbehandles, med representanter fra NVE, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Volda kommune, tiltakshaver og berørte grunneiere til stede.

De som berøres direkte på austsida er:

gbr 123/1 ved undertegnede og Tove Nilsen Løset

gbr 123/2 ved Gunnar Lillebø

gbr 123/4 ved Jarle Lillebø

gbr 123/5 ved Ottar Giskegjerde

gbr 123/6 ved Anne Steinsvik Nordal

gbr 123/7 ved Åse og Arne Nilsen

På vestsida av Storeelva berøres gbr 129/3 ved Eldar Dale, da inngrepet er gjort høyere opp i elva enn det tinglyste løyvet han tidligere har gitt til uttak av vann.."

Søkjar sine kommentarar til fråsegna

Søkjar har i brev av 18.01.2011 kommentert dei innkomne høyringsuttalane slik:

"Innspel frå Dalsbygd Kraftverk SUS, stiftelsesmøte 22. juli 2010, ikkje registrert i

Brønnøysundregisteret pr. i dag.

Innspel frå Jørn Olav Løset, Dalsbygd.

Settefiskanlegget på Dale, no Kraft Laks AS, har hatt tinglyste vassrettar på gnr.122 bnr.1 og gnr.122 bnr.2 og gnr.129 bnr.3 i Dalselva/Storelva sidan 1984. Desse vassrettane vart stadfesta ved Søre Sunnmøre Heradsrett i 1993. For å sikre oss rett til å ta ut vatnet kvar som helst på desse eigedomane vart det laga og underskrevne nye avtalar i 2010, sjå vedlegg.

Kraft Laks AS har sitt inntaksbasseng/hus på kote 20. At Dalsbygd Kraftverk SUS vil nytte vatn med avløp nedanfor vårt inntaksbasseng er nytt for oss. Vi finn det noko underleg at interimsstyret i Dalsbygd Kraftverk SUS ikkje har forsøkt å kontakte oss. Før vi spekulerer i eventuelt konfliktspotensiale finn vi det merkeleg at interimsstyret ikkje har undersøkt kven som innehar vassrettar på den tiltenkte strekninga dei har planlagt å nytte fallet på. At Dalsbygd Kraftverk SUS spekulerer på tekniske løysingar nedanfor vårt vassinntak og meiner vi skal betale for vatnet, er mildt sagt å sette situasjonen på «hovudet». Når det gjeld påstand om tradisjonar så forhold vi oss til dagens realitetar og rettigheter. Når det gjeld tekniske løysingar så må Dalsbygd Kraftverk SUS forstå at vi må takast med på råd. Vi kjenner heller ikkje til at det er søkt om konsesjon på utbygging av kraftverk i Storelva/Dalselva. Når det eventuelt vil skje vert nok vi ein part på lik linje med andre som får uttale seg.

Kraft Laks AS har sidan 1992 hatt si hovudvassforsyning frå avløpet til Tussa Kraft sin kraftstasjon på Dale. Dette har vore eit viktig for oss heile tida og Tussa Kraft har vist seg å vere ein trygg og god alliansepartner. Vi ser i dag ikkje noko problem i at Storelva og vert nytta til kraftproduksjon. Det er då ei forutsetning at avløpsvatnet frå stasjonen vert leida til vårt inntakshus, slik som avløpsvatnet frå Tussa Kraft sin kraftstasjon.

Med god dialog burde det vere mogeleg å bygge i Storelva i periodar då vi nyttar dette vassinntaket mest som sesong og nødinntak i delar av året. Vi ser det som samfunnsmessig korrekt å nytte desse vassressursane så effektivt som råd då det er lite fiske og naturinteresser som er i konflikt med tiltaka. I ei lita bygd er alle arbeidsplassar viktige. Kraft Laks AS sysselsett i dag 6 årsverk, dette vil auke monaleg dersom konsesjonssøknaden vert imøtekomen.

Når det gjeld vassuttak ved kote 72 i Storelva hadde vi i 1997 synfaring der NVE var tilstades, føremålet var å sjå på alternative plassar å take ut vatnet frå elva på. NVE rådde oss til å flytta nødinntaket til kote 72 (sjå vedl. brev NVE). Elva hadde der ei naturleg utforming som gjorde at vi kunne leide vatnet til vårt basseng, utan nevneverdige inngrep.

Etter storflaumen i 2003 tok vi kontakt med grunneigaren på kote 72 og fekk ein munnleg avtale om å kunne nytte denne plassen til å take ut vatn på. Det inngrepet vi har gjort er å drage på plass att ein stor stein som hadde forflytt seg under flaumen i 2003. At det ovanfor kote 50 er felles vassrettar har vi ikkje hatt noko kjennskap til før no.

Som NVE er kjent med er Storelva/Dalselva eit flaumvassdrag. Det har vore fleire større flaumar som har vore til fare for busetnad og kringliggande bygningsmasse /industri. Elva vart nødforebygd i 2003 og 2007 etter større flaumar. I 2004 utarbeidde NVE plan for elveforebygging. Denne planen er no sett i kraft og elveforebygginga har teke til. Det er planlagt plastring og utskifting av botn med nedgrunning 0,8 -1,0 m på ei strekning frå fjord til ca. 530 m oppstraums. Det vil såleis verte forebyggdt på heile vårt influensområde, sjå vedl. og bilder.

Mange flaumar, isgang, masseforflytting, erosjon og menneskeleg inngripen med regulering, kraftproduksjon og vatn til settefiskanlegget siste 25 åra gjer at det ikkje er att fisk i elva på influensområde. Vidare oppstrøms er elva for bratt til fiskevandring. Ei minstevassføring slik vi ser det vil forsvinne i botnplastringa og vil ikkje ha noko samfunnsmessig nytte eller visuell verdi. Vi er opptekne av at mest mogeleg av vatnet kan nyttast til varig verdiskapning lokalt, slik som smoltproduksjon og eventuelt meir kraftproduksjon. Minstevassføring i dette vassdraget bør såleis ikkje påleggast.

Vi ber om at sluttbefaringsmøte vert halde snarast råd då det er Kraft Laks AS sin konsesjonssøknad som no skal handsamast. Elveforebyggingsarbeidet er no godt i gang så elveskråningane er rydda for skog og kratt, det er såleis godt gangbart langs elva på heile influensområde."

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader

Om søkjer

Kraft Laks AS (KL) er eit mindre privateigd havbruksselskap som har all aktivitet knytt til setjefiskproduksjon ved anlegget i Dalsbygda på austsida av Dalsfjorden i Volda kommune.

Anlegget har vore i drift sidan 1983 med kontinuerleg drift sidan tidleg på 1990-talet med noverande eigarar. Selskapet sysselset 6 årsverk.

Om søknaden

Anlegget har sidan 1986 hatt løyve til produksjon av 1 mill. sjødyktig setjefisk, og bruken av vassressursen i Dalselvvassdraget er basert på privatrettslege avtalar.

Søknaden omfattar løyve etter vassressurslova § 8 til å auke vassuttaket frå Dalselvvassdraget for inntil 5 mill. setjefisk. Det er søkt om vassuttak på inntil 12 m³/min alle månader med unntak av august, september og oktober der det vert søkt om uttak på inntil 30 m³/min som følgje av stor biomasse i anlegget.

Vidare omfattar søknaden bruk av alminneleg lågvassføring i vassdraget.

Utvidinga til 5. mill setjefisk er planlagt gjennom to trinn der det i første omgang vert utvida til 2,5. mill fisk basert på dagens metode med gjennomstrøymingsanlegg. Under omtalen av vassforbruk i søknaden går det fram at det omsøkte vassuttaket vil bli brukt i gjennomstrøymingsanlegg. Dei resterande 2,5 mill setjefisk er planlagt produsert i resirkuleringsanlegg og søkjar opplyser at til dette trengst det inntil 3 m³/min ved 98 % resirkulering. NVE legg derfor til grunn at det samla maksimale uttaket gjeld eit vassvolum på inntil 33 m³/min, tilsvarande 550 l/s.

Skildring av området

Dalsfjorden er om lag 15 km lang med ei breidde på 1,5 km og strekkjer seg i nord – sør retning på grensa mellom Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fylke. Fjorden inngår i eit typisk fjordlandskap med bratte lisider og steile fjellveggar frå sjøen og opp til 1000 – 1200 m.o.h. Skoggrensa går på om lag 600 m.o.h og over dette nivået er berggrunnen stadvis dekt av eit tynt dekke med lågvegetasjon.

Dalselvvassdraget utgjer to elvegreiner; Dalselva og Litlebøelva, som drener kvar sitt dalføre. Elvane har samanløp knappe 250 m ovanfor utløpet i Dalsfjorden.

Eksisterande inngrep i vassdraget

Eksisterande inntak for setjefiskanlegget påverkar den knapt 250 m lange elvestrekninga mellom fjorden og samanløpet mellom Dalselva og Litlebøelva. I tillegg er elva på same strekning sterkt påverka av erosjonssikring både i elvekantane og - botn.

Dalselvgreina ovanfor samanløpet har ingen inngrep utover inntaket like ovanfor samanløpet, medan Litlebøelva er utbygd med Dale kraftverk mellom kote 640 og om lag kote 25. Dale kraftverk, eigd av Tussa Energi, vert drifta på konsesjon for regulering av Litlebøvatnet mellom kote 647,5 og 640,5. I reguleringskonsesjonen er det ikkje fastsett slepping av minstevassføring frå Litlebøvatnet.

KL baserer sitt driftsvatn på tre inntak:

- kote 30 i Dalselva
- kote 40 i Litlebøelva
- ca kote 25 utløp Dale kraftverk

Avhengig av vasstrongen til setjefiskanlegget vert vatn frå inntaka vekselvis eller samstundes ført til eit silhus på kote 20, og ført vidare i rørsystem til setjefiskanlegget. Driftsvatnet frå kraftverket vert i hovudsak nytta i setjefiskanlegget når det naturlege tilsiget i dei to hovudelvane er for lite, eller ved andre kvalitative forhold i vassdraget.

Teknisk plan

Driftsvatn til setjefiskanlegget vert ved hjelp av 0,5 m høge leiemurar av betong ført til nedgravde inntakskummar i/ved elveløpet. Frå inntakskummane vert vatnet ført i rør med diameter 400 mm til silhuset og vidare i to rør med diameter på 450 og 315 mm til vassfordelingssystemet på anlegget.

Overløp frå silhuset vert tilbakeført til elveleiet.

Eksisterande inntakssystem og rørleidningar er tilstrekkeleg for den planlagde auken i setjefiskproduksjonen i anlegget.

Hydrologisk grunnlag

Anlegget utnytter et nedbørfelt på 22,6 km² ved inntaket og middelvassføringa er utrekna til 2,18 m³/s. Den uregulerte Dalselva utgjer omkring 60 % av vassføringa ved samløpet mellom dei to elvane.

Litlebøvatnet utgjer om lag 3,8 % av nedbørfeltet og dette utgjer også ein effektiv innsjøprosent i nedbørfeltet. Avrenninga er karakterisert med jamn vassføring gjennom året med typisk lågvassføringsperiode i vintermånadene desember – februar. År om anna kan det oppstå lågvassføringsperiode også i dei andre årstidene.

5-persentil sommar- og vintervassføring er ikkje oppgjeve i søknaden. Alminneleg lågvassføring for Dalselva er ikkje utrekna på bakgrunn av observerte vassføringar, men estimert til 55 l/s.

I Litlebøelva er alminneleg lågvassføring for restfeltet nedanfor Litlebøvatnet estimert til 10 – 15 l/s.

Arealbruk og eigendomsforhold

I søknaden vert opplyst at det ikkje er trong for å ta i bruk nye areal knytt til vassuttak og -vegar utover det som allereie er teke i bruk i noverande situasjon.

KL har privatrettsleg avtale om grunn- og vassrettar knytt til setjefiskanlegget.

Forholdet til offentlege planer

Kommuneplan

I kommuneplanen er arealet for anlegget avsett til akvakulturformål. Areal for vassveg og inntak inngår i LNF-område.

Verneplan for vassdrag

Vassdraget inngår ikkje i verneplan for vassdrag.

Inngrepsfrie områder (INON)

Vassuttaket for oppdrettsanlegget påverkar ikkje inngrepsfrie naturområde (INON) eller andre verna område.

Nasjonale laksevassdrag

Dalselvvassdraget inngår ikkje i eller ligg i nærleiken av nasjonalt laksevassdrag.

Høyring og distriktshandsaming

Søknaden er handsama etter reglene i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentlig gjennomsyn. I tillegg er søknaden sendt lokale og regionale styresmakter og interesseorganisasjonar. Søkjar er i tillegg beden om å varsle grunneigarar/rettshavarar som kan bli påverka av tiltaket. NVE har invitert alle uttalepartane til synfaring som vart halden i området 08.03.2011 saman med representantar for søkjar, kommunen og lokalsamfunn/grunneigarar. Høyringsuttalane er lagt fram for søkjar for kommentar.

Uttalepartane sine synspunkt kan oppsummerast slik:

Volda kommune viser til at anlegget er i tråd med kystsoneplanen og tilrår løyve til vassuttaket dersom drifta av anlegget elles vert vurdert tilfredstillande av Fylkesmannen og Mattilsynet. Kommunen viser elles til merknad frå Dalsbygda Kraftverk, og legg til grunn at auka bruk/utnytting av private vassrettar skal vere avklara innan ev. auka produksjon av setjefisk.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal kan ikkje sjå at auka vassuttak vil få vesentleg konsekvensar for allmenne interesser som ligg til deira ansvarsområde. Embetet viser til at det aktuelle vassdragsavsnittet er påverka av eksisterande vassuttak og kraftutbygging.

Dalsbygda Kraftverk viser til at auka vassuttak vil foregå i eit elveavsnitt som inngår i ei utbyggingsstrekning for eit småkraftverk som er under planlegging lokalt. Eit mogeleg kraftverk med plassering ved fjorden vil ta i bruk ein del av vatnet som i dag renn til inntaket til KL. Dalsbygda Kraftverk påpeikar elles at dei tinglyste vassrettane til KL ikkje kan oppfattast som om fallrettane i vassdraget er overført til KL.

Dalsbygda Kraftverk foreslår i begge sine fråsegnbrev ulike løysingar med tanke på ein sambruk av vassressursen i vassdraget som gagnar både eksisterande akvakulturanlegg og eit mogleg framtidig kraftverk.

Amund Per Hjelle viser til at landbruk er ei viktig næringsgrein i bygda og 10 % av nedbørfeltet i Dalselva utgjør dyrka mark. Dette er eit potensiale for endra råvasskvalitet i vassdraget. Hjelle ønskjer at interessene knytt til busetnad og landbruk vert prioritert.

Jørn Løset viser gjennom bilete at det er gjort fysiske inngrep i Storeelva (Dalselva) ved kote 72 og at vassføringa, som deler seg i to mindre elveløp på dette nivået, medfører at det går meir vatn til inntaket til KL. Tiltaket er gjort ovanfor det som i konsesjonssøknaden inngår som

tiltaks/influensområdet og i eit elvepunkt som ligg i felleseige. Løset meiner vidare at det er gjort utanfor det tiltaksområdet som inngår i avtalane KL har for uttak av vatn i elva. Løset ønskjer at det vert halde ei synfaring med offentlege etatar der dette tilhøvet vert sett nærmare på.

Verknader av tiltaket - fordelar og skadar/ulempar

Nedanfor er ei oversikt over kva NVE ser på som dei viktigaste fordelane og skadane/ulempene ved auka vassuttak:

Fordelar

- Utnytting av lokal ressurs som ein lekk i matproduksjon
- Næringsutvikling og jamleg lokal aktivitet for vare- og tenesteyting i driftsperioden
- Lokal verdiskaping og sysselsetjing i ein elles næringssvak del av kommunen

Ulemper

- Redusert vassføring på knappe 300 m elvestrekning
- Risiko for tørrlegging av elva i nedbørsfattige perioder med stor biomasse i anlegget

NVE si vurdering

Ingen av høyringspartane peikar på at allmenne interesser vert råka i eit omfang som gjer at dei går i mot eit løyve til auka vassuttak i Dalselva.

På bakgrunn av at vassuttak, leidningssystem og inntakskummar er etablert i og ved elveleiet tidlegare, føreligg det ikkje eigen rapport i høve til biologisk mangfald eller andre tema.

Hydrologiske verknader av tiltaket

Midlare vassføring til inntaka i Dalselva og Litlebøelva er utrekna til 130,8 m³/min eller 2,18 m³/s. KL sitt vassforbruk for gjennomstrøymingsanlegg med 2,5 mill setjefisk er oppgeve til 12 m³/min i alle månader med unntak av månadene august – oktober der forbruket vert inntil 30 m³/min.

Dei resterande 2,5 mill. setjefisk er planlagt som resirkulasjonsanlegg og vassforbruket for denne mengda fisk er inntil 3 m³/min ved 98 % resirkulering av vatnet. Det maksimale uttaket for produksjon av 5 mill. setjefisk vil dermed vere inntil 33 m³/min tilsvarande 550 l/s når biomassen er størst på ettersommar/tidleg haust.

Dale kraftverk har ei driftsvassføring mellom 14 og 60 m³/min. Hovuddriftsperioden for kraftverket er i vinterhalvåret med oppfylling av reguleringsmagasinet hovudsakleg under snøsmelting. Magasinet vil normalt vere oppfylt i august, og såleis vere ei sikring i forhold til vasstilgang for setjefiskanlegget. Kraftverket er gjennom reguleringskonsesjonen pålagt å sleppe 9 m³/min forbi inntaket ved driftsstans. Søkjer opplyser at vassvolumet som vert sleppt forbi kraftverket er auka til 10,2 m³/min i ei semje mellom søkjar og Tussa Energi.

Verknadene med auka vassuttak er etter NVE si vurdering små i forhold til dagens situasjon ettersom det ikkje er planlagt etablering av nye inntaksleidningar i vassdraget. Dagens leidningssystem har kapasitet til vassforsyning for auka setjefiskproduksjon. Eksisterande leiemurar i elvegreinene er ikkje utforma slik at dei tømmer vassdraget nedstraums inntaket ved låge vassføringar. NVE legg til grunn at Litlebøelva og Dalselva nedstraums inntaka til setjefiskanlegget ikkje vert tørrlagde ved eit ev. løyve til auka vassuttak. Vassføringsvariasjon og - dynamikk vil derfor ikkje bli vesentleg endra i forhold til dagens tilhøve.

Vasstemperatur og isforhold

Fjerning av vatn frå vassdraget gjev mindre vassareal og gjer at lufttemperatur vil påverke det attverande vatnet i elveleiet både for vinter- og sommarterperatur.

Låg vintervassføring gjev lettare is i vassdraget. Ein vesentleg del av vintervassføringa er driftsvatn frå kraftverket/magasinet med høgare temperatur enn om vatnet hadde runne ned over vassdraget.

Vassdraget utgjer dreneringssystemet i dalføret med skråande lisider mot elva og vassuttaket vil ikkje påverke grunnvassforholda.

Elvebotnen i nedre del er erosjonssikra og har få kulpar, og vatn i lågvassføringsperiodar vil i stor grad forsvinne i elvebotnen.

Etter NVE si vurdering kan det ikkje påreknast større endringar i temperatur og isforhold i høve til eksisterande situasjon.

Fisk og ferskvassbiologi

Det er rekna ei anadrom strekning på 200 m frå fjorden. Elva har ikkje ein eigen bestand av eller eigna gyteområde for laks. Den anadrome strekninga er knytt til sjøaure, men bestanden av denne er vurdert til liten slik at elva totalt sett har under middels verdi i høve til anadrom fisk.

Dette har først og fremst samanheng med inngrep i elva i form av regulering for kraftverk, vassuttak og særleg det nyleg utførte flaumsikringstiltaket på den anadrome strekninga.

Dei eksisterande fysiske forholda i elva gjer den lita eigna for oppvandring av fisk også ved vassføringar som er naturleg for oppvandring. Dette har samanheng med at elva har preg av kanalisering og "slett" elvebotn utan store steinar og kulpar som gjev fisken høve til å kvile under oppvandringa.

Sjølv om vassuttaket til setjefiskanlegget fråfører vatn frå den anadrome strekninga er dei fysiske forholda etter vår vurdering så endra at det ikkje lenger er vassføringa som er avgjerande for ev. rekruttering av anadrom fisk i Dalselva. Eit auka vassuttaket vil såleis medføre små endringar i forhold til fisken sine levevilkår på tiltaksstrekninga.

Det ligg ikkje føre opplysningar om at det foregår fiske på anadrom strekning.

Etter NVE sitt syn vil auka vassuttak ikkje endre dei ferskvassbiologiske tilhøva på tiltaksstrekninga. Truleg har det omfattande erosjonssikringsarbeidet i elvebotnen hatt størst påverknad på den naturlege botndyrfaunaen. NVE vil også merke at Fylkesmannen i sin uttale peikar på dei omfattande fysiske inngrepa som har endra på leveforholda for fisk.

Biologisk mangfald

Det er ikkje utarbeidd eigen rapport for biologisk mangfald og ingen av uttalepartane peikar på at det eksisterer eller forelegg kunnskap om spesielle naturtypar på tiltaksstrekninga som direkte er avhengig av ei vassføring. På bakgrunn av gjennomgang i Naturbasen er det ikkje funne trua eller sjeldne artar og naturtypar.

NVE vil merke at auka vassuttak ikkje medfører nye inngrep i eller langs vassdraget. Biologiske organismar som finst i og langs elva er eit resultat av endring av fysiske forhold gjennom dei siste 25 åra med vassuttak, regulering og flaumsikring. NVE kan ikkje sjå at omsøkte auke i vassuttaket endrar grunnlaget for eksisterande biologisk mangfald i noko omfang.

Landskap

Den påverka delen av Dalselva ligg nedsenka i terrenget og berre den delen av elva som er knytt til elveosen kan oppfatast på avstand. Dalføret er trøgt og opplevinga av elva skjer berre når ein oppheld seg nær elvestrengen.

Vassuttaket vil etter vår vurdering i liten grad påverke landskapet.

Samla påverknad

Naturmangfoldlova fastset forvaltningsmål for artar, naturtypar og økosystem, og lovfestar ei rekkje miljørettslege prinsipp, blant anna "føre-var" prinsippet og prinsippet om økosystemforvaltning og samla påverknad. Naturmangfoldlova legg føringar for styresmakter der det vert gjeve løyve til anlegg som vil kunne få verknad for naturmangfoldet.

Den foreliggende søknaden vurderer NVE som ei avklaring av allmenne interesser i forhold til eit tidlegare etablert vassuttak. Elvestrekninga er påverka av menneskeleg aktivitet gjennom fleire generasjonar. Naturmangfoldet er såleis eit resultat av tiltak og inngrep over tid.

Etter NVE si vurdering er det liten risiko for auka skade og uroing av økosystemet som følgje av vassuttaket. NVE meiner derfor det ikkje er grunnlag for å innhente særskilt kunnskap om tiltaket sine verknader på biologisk mangfold, og at det er tilstrekkeleg å vektlegge erfaringsbasert kunnskap.

Litlebøgreina i Dalselvvassdraget er sterkt påverka av tiltak, medan Dalselvgreina framstår som urørt. Ei eventuell framtidig utbygging i Dalselvgreina vil truleg auka den samla påverknaden av vassdraget, og dette tilseier at det kan vere trøgt for å innhente meir kunnskap om verknadene for vassdraget som økosystem.

Oppsummering

Søknaden gjeld auka vassuttak i eksisterande settefiskanlegg der planen er å auke produksjonen frå 1 til 5 mill. sjødyktig settefisk, med ei 50/50 fordeling mellom eksisterande gjennomstrøymingsanlegg og nytt resirkuleringsanlegg.

Ingen av høyringspartane går i mot at det vert gjeve løyve til auka vassuttak.

NVE vektlegg i si vurdering at vassuttaket og tilhøyrande infrastruktur er bygd i samband med etableringa av settefiskanlegget midt på 1980-talet. Dagens inngrep samsvarar for ein stor del med det omsøkte vassuttaket. Som følgje av moderne teknologi vil vassuttaket bli vesentleg redusert for den biomassen som vert produsert i eit resirkuleringsanlegg. Maksimalt vassuttak for 5 mill. settefisk vert inntil 550 l/s i perioden med størst biomasse.

NVE vektlegg vidare at Dale kraftverk gjennom reguleringskonsesjon er pålagt å føre 150 l/s til settefiskanlegget sjølv om kraftverket er ute av drift. Dette sikrar settefiskanlegget nødvendig vann i tørre periodar av året. Ved drift av kraftverket får settefiskanlegget tilført vassføring på mellom 230 og 1000 l/s.

NVE sin konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og innkomne uttalar meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Kraft Laks AS løyve etter vassressurslova § 8 til vassuttak frå Dalselva og Litlebøelva på inntil 550 l/s. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

Post 1: Vasslepping

Følgjande data for vassføring er henta frå konsesjonssøknaden og opplysning frå søkjar, og lagt til grunn for NVE sin vurdering og fastsetjing av minstevassføring:

Middelvassføring	l/s	2180
Alminneleg lågvassføring		
Litlebøelva uregulert del	l/s	15
Dalselva	l/s	55
Maksimalt vassuttak	l/s	550

Det er søkt om å ta i bruk alminneleg lågvassføring. Litlebøvatnet er regulert slik at lågvassføring i Litlebøelva er styrt av tilsiget frå restnedbørfeltet, som er estimert til 10 – 15 l/s.

I Dalselva er alminneleg lågvassføring estimert til 55 l/s.

Uttalepartane har ikkje hatt særskilte merknader eller sett krav til minstevassføring.

Vassressurslova set krav om at minst alminneleg lågvassføring skal vere att på ei tiltaksstrekning for ma. å sikre levande organismar med tilknytning til vassdrag. Alminneleg lågvassføring vil i stor grad forsvinne mellom steinane i den grove og breie elvebotnen nedanfor vassinntaket til setjefiskanlegget. Ei minstevassføring vil likevel gje eit viktig tilskot til å halde på fuktigheit i elvebotnen. NVE vil elles merke at i ein lågvassføringsperiode vil det ikkje vere tilsig frå restfeltet nedanfor setjefiskinntaka. NVE finn ikkje grunnlag for å avvike frå dette kravet og meiner at Litlebøelva og Dalselva nedanfor vassinntaka til setjefiskanlegget ikkje skal framstå som tørrlagd. Den alminnelege lågvassføringa frå det uregulerte feltet nedstraums Litlebøvatnet og i Dalselvgreina skal etter NVE si vurdering ikkje nyttast til setjefiskproduksjon, men renne fritt i elveløpet. NVE fastset derfor ei minstevassføring i Litlebøelva og Dalselva på høvesvis 15 og 55 l/s.

I dei situasjonane Dale kraftverk slepper driftsvatn til Litlebøelva kan Litlebøelva vere tørrlagd mellom inntaket for setjefiskanlegget og utløpet for Dale kraftverk. Tilsvarande for Dalselva ned til samanløpet med Litlebøelva. Den fastlagde minstevassføringa skal sleppast dersom Dale kraftverk er ute av drift.

Det skal ikkje tappast frå Dale kraftverk sitt vassystem for å oppretthalde den pålagde minstevassføringa som er knytt til vassuttaket for setjefiskanlegget. Kravet om minstevassføringane er tilsigsavhengige.

Driftserfaringane med setjefiskanlegget i nesten to tiår viser at det sjeldan har vore kritisk lite vatn ettersom det kan nyttast driftsvatn frå Dale kraftverk. Det er såleis lite sannsynleg at dei pålagde minstevassføringane må sleppast årleg. På bakgrunn av dagens erfaring finn NVE grunnlag for at det er tilstrekkeleg å godkjenne ei anordning som sikrar at dei pålagde minstevassføringane vert sleppt forbi inntaket utan at dette skal registrerast og dokumenterast. NVE kan i ettertid gje pålegg om ei anordning som regsitrerar og dokumenterar slipp av minstevassføring dersom det visar seg å vere nødvendig.

Ved alle stadar med pålegg om minstevassføring skal det setjast opp skilt som er lett synleg for ålmenta og gjev opplysning om storleiken på minstevassføringa. NVE skal godkjenne merking, utforming og plassering.

Post 4: Godkjenning av planer, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v.

NVE har gitt konsesjon på følgjande føresetnader:

Inntak Litlebøelva kote	40
Inntak Dalselva kote	30
Inntak utløpet for Dale kraftverk kote	25

Anlegget er i hovudsak etablert, men ev. planer for ombyggingar skal sendast til NVE sitt regionkontor i Førde og godkjennast av NVE før arbeidet vert sett i gang.

Ev. nedlegging av heile eller deler av vassdragsanlegget skal skje i medhald av denne posten.

Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning vert teke med i konsesjonen sjølv om det i dag er lite aktuelt å pålegge ytterlegare avbøtande tiltak. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skader forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til tiltaket sin storleik og verknader.

Post 6: Automatisk fredete kulturminner

Vilkåret er teke med som eit standard vilkår og vil i denne saka ha verknad dersom det skal gjerast ombyggingar/nye inngrep. Vi minner vidare om den generelle aktsemdsplikta med krav om varsling av aktuelle instansar dersom ein treff på kulturminne i byggefasen, jf. kulturminnelova § 8

Post 8: Terskler m.v.

Dette vilkåret gir heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere naudsynt.

Andre merknader

Merknadene frå private gjeld i hovudsak privatrettslege tilhøve i forhold til bruken av vassressursen i Dalselvvassdraget. På bakgrunn av tilleggsuttalen frå Dalsbygda Kraftverk SUS oppfattar NVE dette slik at det pågår ein dialog der både KL og grunneigarane med planar for kraftutbygging søker løysingar som ivaretek begge partar sine interesser i vassdraget.